



Selet i Odden, Seldalsnuten i bakgrunnen. Foto Anne Lorentzen

ODDEN ca 600 moh

Odden ligg nokre hundre meter lengre ned i dalen enn Fagnastøl og på vestsida av elva. Det er fjellstølen til eit bruk på nedre Seim. Namnet kjem kanskje av at stølen ligg på ein odde der to elvar møtest: elva innanfrå Fagnastøl og elva frå Våa. Det er lettleg og fint i Odden.

Men det kunne og vera arbeidsamt å få høylassa heim om vinteren sidan det ikkje var andre som hadde høykøyring derifrå. På Fagnastøl var der ikkje trær. Selet i Odden står på solide murar. Eldste delen skriv seg frå 1840-åra då Hans Herlaugson var brukar, og namn og årstal er skrivne inn i tømra på nedste omfaret og er å sjå i floren. Sonen Lars Hansson («Hansa - Lars») bygde om selet på slutten av 1800-talet.

Hansa - Lars var kjend som ein kraftkar. Han har og så fått ein vegstubbe oppkalla etter seg her inne. Det var for at buskappen lettare kunne ta seg heimatt frå beite i Seldalen og Enne at



han mura og vølte til veg ved elvegilet i skilje mellom Ennenuten og Våa.

Då kunne beista koma fram der det var stutt veg ned til Odden. Vegen har seinare vorte nemnd som «Hansa- Lars vegen».

Anna Skartveit var siste budeia i Odden, og året var 1952. Sidan var ho budeie på Moo. Selet i Odden er teke vel vare på og fint omvølt, og er mykje i bruk i sommarhalvåret.

GOD TUR!

Granvin turlag. *Kjelde:* «lokalkjende»

Utsikt frå Odden. Foto: Elisabeth Såkvitne



Foto: Anne Lorentzen